



Tore Gjerstad
Maråsvegen 267
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2163 - 14/26298

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
25.11.2014

Melding om endelig vedtak frå deling av tomt til naust gbnr 88/1 Marås.

Kommunen seier seg med dette lei for at saka dykkar for det første ved ein feil var sendt på høyring til fylkesmannen etter at hovudutvalet hadde fatta vedtak, og dinest for at de ikkje har fått melding om endeleg vedtak før no.

Saka vert no overført til oppmålingsavdelinga, som vil kalle partane inn til oppmålingsforretning.

For sakshandsaminga må de betale gebyr. Utrekna gebyr går fram av dokumentet. Faktura for betaling vert sendt ut i eige brev.

Søknad om deling av tomt til naust, vart handsama av Plan og miljøutvalet i møte 02.04.2014, og utvalet gjorde slikt vedtak:

«Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 150m2 sjøtomt frå gnr.88 bnr.1. Løyvet gjeld for alternativ plassering utanfor eksisterande naustgrunn høyrande til gnr.88/1.

Med heimel i pbl §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §1-8 i Lova og frå LNF føremålet i arealdelen av kommuneplanen. Det vert sett som vilkår at parsellen skal føyast saman med gnr.88 bnr.17.

Med heimel i Jordlova §12 vert det gjeve løyve til å dele frå 150m2 sjøtomt frå gnr.88 brn.1. Deling er i samsvar med tilråding i høyringssvar frå fylkesmannen datert 27.02.2014.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve , fell løyvet bort.»

Gebyr:

Gebyret vert sendt ut i samsvar med gebyrregulativet som vart vedteke av kommunestyret i desember 2013 og som var gjeldande fram til 31.03.2014. Dette skuldast at saka kom inn medan dette regulativet var gjeldande:

Dispensasjon frå gjeldande plan	kr. 7900,-
Deling i uregulert område, andre føremål	kr. 5800,-
Deling, jordlova §12	kr. 1000,-
Sum	kr.14700,-



Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Tore Gjerstad

Maråsvegen 267 5955

LINDÅS